

Behandling i Administrasjonsutvalet - 19.11.2025

Fagforbundet v/Gerda Zondag:

Har for liten kunnskap om kommunen sin økonomi til å kunne forstå heilheten i dokumentet.

Utdanningsforbundet v/ Guro Heggli:

Vanskeleg å lese og forstå. Talla bør f.eks. vere i likt format gjennom heile dokumentet.

Protokolltilførsel - Rita T. Metveit:

Lagerhall med kr 700 000 som låg i investeringsbudsjettet i 2025, som vart omdisponert i kommunestyret i oktober må leggst inn att i investeringsbudsjettet for 2026 i tråd med merknaden som vart presentert i kommunestyret i samband med sak investeringsrekneskapen 2025.

Formannskapet si innstilling vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 19.11.2025

Årsbudsjett 2026 og Økonomiplan 2027 – 2029 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Nettorammer for sektorane vert som fylgjer:

Sektor:	Nettoramme:
Stab og økonomi	25 843 000
Helse og omsorg	57 836 000
Kultur og oppvekst	46 079 000
Plan og teknikk	20 452 000
Finans	-150 210 000

Måltal for økonomiplanperioden:

- ☐ Det skal vere eit netto driftsresultat på minimum 4%
- ☐ Lånebelastninga på driftsbudsjettet skal ikkje auke
- ☐ Disposisjonsfondet skal minst vere på 10% av driftsinntektene.

Det skal vere 100 % inndekning på sjølvkostområda vatn, kloakk, slam, renovasjon og feiling.

Låneopptak i 2026:

Kr 5 000 000,- i opptak av startlån frå Husbanken til vidareutlån